



Referat FAU-møte 06.05.24

Tilstades:

Gerd Rusdal, Grete Gerritsen, Elena M Sikveland, Siv Helland, Ailin Skårland, Øyvind Søyland, Knut Undheim.

Godkjenning av innkalling og referat:

Ok, men sist referat ikkje ute på heimesidene.

Ad sak 15/23 kan FAU-referat leggst ved rektor si fredagsmelding i Visma.

Sak 2/23 Diverse skuledrift (frå rektor)

- Personalkabalen til hausten er ikkje klar. Tilsetjingsprosessar pågår.
- Deling av klassar som nødløsning: Fordeling av elevar til ulike grupper vert vurdert av dei aktuelle lærarane mtp best mulig dynamikk.
- SFO endrar opningstid frå hausten til 07.10-16.00.
- Påtroppande 1. trinn: Foreldremøte 03.06. Besøksdag 05.06. 18 nye førsteklasingar til hausten.

Sak 4/23 Olweus våren-24

Tydeleg fleire elevar som kjenner seg mobba nå i vår enn i haust då talet var nær null. Denne trenden ser ein i heile landet. Skulen undersøker og fylgjer dette opp på klassenivå. Positivt trekk at fleire elevar fortel nokon om mobbinga, og foreldre oppfordrast framleis til å snakka med barna sine om korleis dei har det på skulen.

Sak 16/23 Sommaravslutning

- FAU revurderer saka frå sist møte og avlyser (under sterk tvil) årets felles sommaravslutning. Dette begrunnast i kapasitet - at tida og vegen i turbulente tider vert for kort til å stabla på beina eit program som lever opp til tidlegare år.
- Det vert opp til neste års FAU å vurdera om ein tek opp att arrangementet i 2025.
- Kan vera interessant å høyra kva elevrådet meiner; er dette noko elevane ynskjer og evt kan bidra til?
- FAU oppmodar samstundes til klassevise avslutningar.

Sak 17/23 Aktivitetsdag

Tysdag 18.06.. FAU-rep møter kl 10 og bidreg med pølser og saft. Grilling frå 10.30.

Sak 20 Årsmøte/årsmelding

Årsmeldinga v/sekretær og leiar klar seinast 21.05., årsmøte 04.06. kl 19.

Sak 10/23 Innkomne saker

- Spørsmål omkring avslutning av klassekassen til 7. klasse. Ein vedtok i 2022 (ved avstemming der samtlige foreldre hadde høve til å delta) at kr 1000-2000,- skulle fylgja elevane til Lye for å finansiera klassetur – elevar som har valt Tryggheim har fått tilsvarende beløp utbetalt. Nå ser det ut til at årets 8. klassetur vert den siste i nåverande form, og det vil difor vera naturleg å gjera nytt vedtak når det gjeld avslutning av klassekassen for 7. klasse. Dette vert ei sak for årsmøtet. Forslag til ordlyd: *Klassekassen avsluttast etter fullført 7. klasse. Restbeløp går til FAU som administrerer pengane til kjekke opplevingar for alle elevane på Undheim skule.*
- SFO: Stadig innspel frå foreldre om det ein oppfattar som 'unødig' og 'formålslaus' bruk av nettbrett v/SFO. Rektor presiserer at læringsbrett kun er til pedagogisk bruk.
- 17. mai: Arrangementet er muligens klar for revisjon? Skal FAU leggja føringar for 17.-mai-komitèen her? FAU vil uansett gjenta konseptet med 'beste klasse' i barnetoget der vinnarklassen får ei fruktkorg på deling.

Referent Knut Undheim, sekretær FAU